KONKURRANSEGRUNNLAG

Open tilbodskonkurranse

etter forskriftas del I og II

for totalentreprise på rehabilitering av Hjøllo driftsstasjon

Saksnr: 26/2552

Oppdatert 18.06.2026 – endra tilbodsfrist

Innhald

1. Generell beskriving 3
1.1. Oppdragsgjevar 3
1.2 Anskaffingas formål og omfang 3
1.3 Kontraktsvilkår 3
1.4 Forbehald om tillatelsar eller finansiering 3
1.5 Deltilbod 4
1.6 Viktige datoar 4
2. Reglar for gjennomføring 4
2.1 Anskaffingsprosedyre 4
2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår 5
2.3 Begrensing av antal ledd i leverandørkjeda 5
2.4 Krav til lærlingar 6
2.5 Skatteattest 6
2.6 Offentlegheit og teieplikt 6
2.7 Vedståingsfrist 7
2.8 Tilleggsopplysningar 7
3. Grunnlag og krav for tilbodet 7
3.1 Konkurransegrunnlagets oppbygging 7
3.2 Befaring 7
3.3 Tilbodets utforming 8
3.4 Tilbodets innhald 8
3.5 Levering av tilbodet 9
3.6 Tilbodskostnadar 9
4. Kvalifikasjonskrav 9
4.1 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling 10
4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet 10
4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar 11
5. Tildelingskriterier 11

5.1 Evaluering av pris 12
5.2 Evaluering av kvalitet 12
5.3 Evaluering av klima og miljø 13
6. Vedlegg 13

1. Generell beskriving

1.1. Oppdragsgjevar

Opplysningar om oppdragsgjevar framkommer i oppdragsgjevars konkurransegjennomføringsverktøy (KGV).

1.2 Anskaffingas formål og omfang

Anskaffingas formål er å inngå kontrakt om rehabilitering av Hjøllo driftsstasjon.

Første etasje i kontorfløyen på Hjøllo driftsstasjon skal byggast om for å kunne husa ein større del av sektoren Teknikk og miljø. Planløysinga i dag huser lager for hjelpemiddelsentralen. Lageret skal flyttast ut av bygget, og det vil difor bli frigjort areal til tiltakets formål. Planløysinga skal leggja til rette for den aktiviteten som er der i dag, men også for at fleire virksomheter kan jobba saman i lokalet.

Fullstendig beskriving av entreprisen følgjer av funksjonsbeskrivinga.

Det er eit absolutt krav at leverandøren skal ha funksjonen SØK (Ansvarlig søker) i prosjektet.

Sjå informasjon om befaring i kap. 3.2.

1.3 Kontraktsvilkår

Avtaleforholdet reguleres av vedlagte kontraktsbestemmelsar og NS 8407

Entrepriseform for prosjektet er totalentreprise.

1.4 Forbehald om tillatelsar eller finansiering

Før bestemmelse om utføring av rehabilitering tar oppdragsgjevar forbehald om finansiering av prosjektet. Oppdragsgjevar tar også forbehald om nødvendige tillatelsar frå myndigheiter. Avlysing av konkurransen gir ikkje oppdragsgjevar rett til erstatning.

Oppdragsgjevar har rett til kostnadsfritt å avlysa konkurransen eller forkasta samtlege tilbod dersom det føreligg sakleg grunn. Oppdragsgjevar skal snarast mogleg underretta tilbydarane dersom samtlige tilbod forkastes eller konkurransen avlyses.

1.5 Deltilbod

Det er ikkje adgang til å gje tilbod på deler av oppdraget.

1.6 Viktige datoar

Aktivitet	Tidspunkt
Befaring	23.06.26 kl. 09.00
Frist for å stilla spørsmål til konkurransegrunnlaget	15.07.26 kl. 12.00
Frist for å levera tilbod	24.08.26 kl. 12.00
Tilbodsopning	24.08.26 kl 12.00
Evaluering	Veke 35 og 36
Valg av leverandør og meddelelse til leverandørar	04.09.26
Karensperiode	10 dagar etter tildeling
Kontraktsinngåelse	15.09.26
Tilbodets vedståingsfrist	3 mnd

Vi gjer merksam på at tidspunkta etter tilbodsfrist er foreløpige og kan bli gjenstand for justering. Ei eventuell forlenging av tilbodets vedståingsfrist kan berre skje dersom leverandøren godkjenn dette.

2. Reglar for gjennomføring

2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i henhold til lov om offentlege anskaffelsar av 17. juni 2016 (LOA) og forskrift om offentlege anskaffelsar (FOA) FOR 2016-08-12-974. del I og del II. Kontraktstildeling vil bli føretatt etter prosedyren open tilbodskonkurranse jfr. FOA § 8-3.

Oppdragsgjevar planlegg å tildela kontrakt utan å ha dialog med leverandørane utover å foreta eventuelle avklaringar/korrigeringar.

Dialog gjennom forhandling kan likevel bli gjennomført dersom oppdragsgjevar, etter at tilboda er mottatt, vurdere det som hensiktsmessig. Utveljinga vil i så fall bli gjort etter ei vurdering av tildelingskriteria. Det presiserast at ingen leverandør kan forventa dialog om sitt tilbod og derfor må levera sitt beste tilbod.

Tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vert avvist, sjå anskaffelsesforskriften § 9-6 (1) bokstav b.

Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklarheiter eller liknande som ikkje må sjåast ubetydeleg, sjå anskaffelsesforskriften § 9-6 (2).

Ullensvang kommune oppfordrar til å gje tilbod utan atterhald eller avvik. I staden for å gje tilbod med atterhald og avvik bør leverandøren stille spørsmål til Ullensvang kommune.

Det understrekast at tilbyder har risikoen for uklarheiter i eige tilbod, og at uklarheiter, atterhald og avvik kan medføre avvising.

Alle avvik og atterhald, inkludert eventuelle priskonsekvensar, skal gå frem av tilbodsbrevet. Ullensvang kommune skal kunne vurdere avvik og atterhald utan kontakt med leverandøren. Atterhald/avvik som ikkje kan prises av Ullensvang kommune, vil medføre avvising av tilbodet.

Leverandøren oppfordrast om å følgje dei tilvisingar som gis i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål i Mercell ved uklarheiter.

Poster som ikkje er prisa i tilbodet vil bli å anse som innkalkulert i andre poster, med mindre anna er angitt i tilbodsbrevet.

Det er ikkje høve til å gje alternative tilbod.

2.2 Krav til løns- og arbeidsvilkår

Kontrakta vil innehalda krav om løns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om løns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112. Kontrakta vil også innehalda krav om at leverandør er tilknytt ein landsomfattande tariffavtale.

2.3 Begrensing av antal ledd i leverandørkjeda

For bygg- og anleggskontraktar med ein anslått verdi på over 1,3 mill kroner er det krav om avgrensing av talet på ledd i leverandørkjeda. Oppdragsgjevar kan godta fleire ledd i leverandørkjeda dersom det er nødvendig for å sikra tilstrekkeleg konkurranse.

Leverandøren kan ikkje, utan oppdragsgjevars skriftlege samtykke, ha fleire enn to ledd underleverandørar i kjede under seg.

Oppdragsgjevar forbehald seg retta til å godta fleire ledd i leverandørkjeda etter kontraktsignering dersom det på grunn av uforutsette omstende er nødvendig for å få gjennomført kontrakta.

2.4 Krav til lærlingar

Kontrakten inneheld krav om at leverandøren er tilknytt ei lærlingordning og at lærlingar skal delta i utføringa av kontraktarbeidet i tenestekontraktar og kontrakt om bygg og anleggsarbeider. Kravet gjeld for kontrakt over 1,3 millionar og med varigheit over 3 månader. Det vil vera krav om at ti prosent av arbeidet skal utførast av lærlingar, jmf. Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar. Kravet om minst ti prosent av arbeidet skal utførast av lærlingar, inneber at minst ti prosent av antal arbeida timar skal utførast av ein eller fleire lærlingar.

Kravet kan oppfyllast av leverandøren eller ein eller fleire av hans underleverandørar, men gjeld innafor dei faga med meir enn ti prosent underdekning, ref. Utdaninngsdirektoratets tabell: https://www.udir.no/tall-og-forskning/statistikk/statistikk-fag-og-yrkesopplaring/sokere-og-larekontrakt/sokere-sortert-etter-utdanningsprogram/

Utanlandske entreprenørar kan oppfylle lærlingekravet ved å benytta lærlingar som er tilknytt offentleg godkjend lærlingeordning i Noreg eller tilsvarande ordning i anna EU/EØS-land.

2.5 Skatteattest

Valt leverandør skal på førespurnad levera attest for meirverdiavgift og skatt. Dette gjeld berre dersom valt leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vera eldre enn 6 månadar rekna frå fristen for å levera førespurnad om å delta i konkurransen eller tilbod.

Ved bygge- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levera skatteattest ved inngåing av kontraktar i tilknyting til oppdraget, som overstig kr 500 000 ekskl. mva.

2.6 Offentlegheit og teieplikt

For ålmentas innsyn i dokument knytt til ein offentleg anskaffing gjeld offentleglova.

Oppdragsgjevar og hans tilsette plikter å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig betydning å hemmeleghalde, jf. anskaffelsesforskriften §§ 7-3 og 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

Dersom leverandøren har opplysningar i tilbodet som er underlagt ein lovbestemt teieplikt skal det leverast ein sladda utgåve av tilbodet som kan offentleggjerast.

2.7 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunkt som er angitt i pkt. 1.6 ovenfor.

2.8 Tilleggsopplysningar

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg veiledning, eller er uklare, kan leverandøren be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgjevar via konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) .

Dersom det oppdagast feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles til oppdragsgjevar via KGV.

3. Grunnlag og krav for tilbodet

3.1 Konkurransegrunnlagets oppbygging

Konkurransegrunnlaget består av

- Konkurransegrunnlaget (dette dokument) med vedlegg
- Kontraktsgrunnlaget
    - Avtaledokument
    - A-Generell del
    - B – Kontraktsbestemmelsar
    - C – Tekniske krav
    - D – Krav til byggeprosessen
    - E – Fristar og dagmulkt
    - F – Vederlag
    - G – Oppdragsgjevars ytelsar
- Eventuelle tillegg og justeringar av utsendt konkurransegrunnlag, før tilbodsfrist
- Referat frå befaring

3.2 Befaring

Det vil bli avholdt befaring den 23.06.26 kl. 09.00 på Hjøllo 10. Me oppfordrar alle interesserte leverandørar til å delta på befaring.

Leverandørar som velger å gi eit tilbod utan å ha deltatt på befaring, må sjølv bære risikoen for manglande kjennskap til forholda der oppdraget skal utførast.

Oppdragsgjevar vil føra referat som blir distribuert til/gjort tilgjengeleg for samtlege interessentar via KGV.

3.3 Tilbodets utforming

Tilbydar skal ved utarbeiding av sitt tilbod organisera innhaldet i henhold til følgjande rekkefølge:

1. Datert tilbodsbrev med tilbodssum (inkl. mva), signert av bemyndiga person
2. Dokumentasjon vedrørande kvalifikasjonkrav (konkurransegrunnlagets kap. 4)
    1. Firmaattest
    2. Kredittvurdering
    3. Ansvarsforsikringsbevis
    4. Referansar – Utfylt vedlegg 2
3. Dokumentasjon vedrørande tildelingskriterier (konkurransegrunnlagets kap. 5)
    1. Prisskjema – vedlegg 1
    2. Beskriving av kvalitetskriteriet inkl. framdriftsplan, maks 3 A4 sider
    3. Plan med mål for ombruk – maks 2 A4 sider
    4. Kjøretøy og byggavfall – utfylt vedlegg 3
4. Eventuelle avvik og forbehald
5. Eventuelle vedlegg til tilbodet som ikkje passar inn som ein del av dei andre punkta

Tilbod skal utformast på norsk. Det gis likevel adgang til å nytta vedlegg på engelsk, svensk, dansk kor norsk dokumentasjon ikkje finst.

3.4 Tilbodets innhald

Alle avvik og forbehald skal framgå samla i tilbodet, iht. konkurransegrunnlaget kap. 3.3.

Avvik og forbehald vil kunna føra til avvisning av tilbodet.

Det skal redegjørast presist og entydig for kvart forbehald mot kontraktsvilkåra eller avvik frå kravspesifikasjonane, slik at oppdragsgjevar kan vurdera desse.

Tilbydar kan ikkje påberopa avvik og forbehald som er beskrevet andre stader i tilbodet. Oppdragsgjevar har likevel rett til å ta hensyn til openbare forbehald og avvik som er beskrevet andre stadar i tilbodet, dersom han skulle oppdaga slike i evalueringa.

I oppdragsgjevars evaluering vil avvik og forbehald som ikkje medfører avvisning av tilbodet bli prisa ut frå ein "worst case" betraktning.

3.5 Levering av tilbodet

Tilbodet skal vere levert elektronisk i KGV, innan tilbodsfrist gitt i kap. 1.6.

Tilbodet skal vera datert og tilbodsbrevet skal vera signert av representant med fullmakt til å forplikta tilbyder.

Innlevering av tilbod pr e-post eller liknande vil medføra avvisning av tilbodet. Tilbodet skal vera bindande og leverandøren har risiko for uklarheter i tilbodet.

For seint innkomne tilbod vil bli avvist. Systemet tillater ikkje å senda inn tilbod elektronisk etter tilbodsfristens utløp. Berekn god tid på å levera tilbodet, for å vera sikker på at du rekk det før fristen.

3.6 Tilbodskostnadar

Alle kostnadar ved å utarbeida og levera tilbod bæres av leverandør

4. Kvalifikasjonskrav

For å kunna få sitt tilbod evaluert må leverandøren levera etterspurt dokumentasjon på at han oppfyller kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

Kvalifikasjonskrav er krav som settes til tilbydaren for å sikra at han har dei nødvendige forutsetningar for å kunna oppfylla kontrakten og derfor kunna delta i konkurransen. Tilbydar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrav, skal avvisast frå konkurransen.

Tilbyder må kunna dokumentera at han har dei kvalifikasjonar som oppdragsgjevar etterspør for å kunna gjennomføra oppdraget.

Dersom tilbydar er avhengig av å støtta seg på underentreprenørens kvalifikasjonar for å oppfylla eit eller fleire av kvalifikasjonskrava, må tilbydar dokumentera at han har rådighet over underentreprenørens kapasitet. Tilbodet må i slike tilfelle innehalda følgjande dokumentasjon for kvar enkelt underentreprenør som tilbydar må støtta seg på:

a. Dokumentasjon av dei tekniske, økonomiske eller faglege kvalifikasjonane hos vedkommande underentreprenør.
b. Forpliktelseserklæring

4.1 Leverandørens organisatoriske og juridiske stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	• Norske selskap: Firmaattest • Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

4.2 Leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne utføra kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til sikkerheitsstilling vil vere tilstrekkeleg til å oppfylle kravet. Det er krav om minimum kredittrating A. Leverandøren skal ha relevant ansvarsforsikring	• Kredittvurdering frå eit anerkjent kredittratingsbyrå med minimum rating A, ikkje eldre enn 6 månader, som baserer seg på siste kjende rekneskapstal. Ratingen skal vere utført av kredittopplysingsverksemd som har konsesjon til å drive slik verksemd. • Oppdragsgjevar tar forbehold om sjølv å innhenta ytterligare kredittrating eller annan økonomisk informasjon som, men ikkje begrensa til, årsrekneskap inklusive noter, styrets årsberetningar og revisjonsberetningar. • Ansvarsforsikringsbevis

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje frem den dokumentasjon oppdragsgjevar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finansielle kapasitet ved å leggje frem eit kvart anna dokument som oppdragsgjevar ser som egna.

4.3 Leverandørens tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	**Dokumentasjonskrav**
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som er samanliknbare etter art og omfang. Samanliknbare oppdrag er i dette tilfellet totalentreprise på rehabilitering av eldre bygningsmasse	Korrekt utfylling av referanseliste (vedlegg 2) på leverandørens 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 5 åra. Beskrivinga må inkludere oppdraget si verdi, tidsrom (start-slutt) og kunde (namn, telefon og e-post). I tillegg skal leverandøren dokumentere relevans gjennom ein kort beskrivande prosatekst for kvart av oppdraga.

5. Tildelingskriterier

Tildelinga vil skje på bakgrunn av kva tilbod som har det beste forholdet mellom pris, kvalitet og klima/miljø, basert på følgjande kriteria:

Kriterium	Krav til dokumentasjon
Pris, 50% Under dette kriteriet vurderes: • tilbydd pris	• Ferdig utfylt prisskjema (Vedlegg 1, post 3)
Kvalitet, 20% Under dette kriteriet vurderes: • Leverandørens løysingsforslag • Framdriftsplan • Prosjektleiars erfaring og kompetanse	• Leverandøren skal beskriva korleis dei har tenkt å løysa prosjektet, inkl. ei beskriving av framdriftsplan der det framgår når prosjektet er planlagt ferdigstilt. Det vil spesielt bli lagt vekt på materialbruk, funksjonalitet, framdrift og prosjektleiars erfaring og kompetanse, samt korleis leverandøren vil ivareta kravet om SØK funksjonen.

Kriterium	Krav til dokumentasjon
	Løysingsforslag og framdriftsplan skal vera på maks 3 A4 sider.
Klima- og miljø, 30% • Løysingsforslag for ombruk, 15% • Mengde (kilo) byggavfall/kvm BRA på byggjeplass, 7,5% • Utsleppsfri transport til/frå byggjeplass, 7,5%	• Leverandøren skal beskriva ein plan med mål for ombruk ut i frå rapport frå ombrukskartlegging (maks 2 A4 sider). • Oppgje mengde (kilo) byggavfall /kvm BRA på byggjeplass. Beskriving av rutiner for å oppnå mål (vedlegg 3) • Beskriving av antall kjøretøy som skal brukes til/frå byggjeplass og andel av desse som er utsleppsfrie (vedlegg 3).

I denne konkurransen er det nytta ein evalueringsmodell der alle tilbod vert gjeven ein poengscore for kvart av tildelingskriteria frå 0-10. Poengscoren frå kvart enkelt kriterium multipliserast deretter med kriteriets nemnde vekt. Kriterienes vekta poengscore summerast, og den leverandøren som etter dette har høgast poengscore totalt sett, sjåast å ha det beste forholdet mellom pris, kvalitet og klima/miljø.

5.1 Evaluering av pris

Ved prisevalueringa er det «Evalueringssum eks. mva» i vedlegg 1 som blir evaluert. Det nyttast ein lineær modell som inneber at lågaste totalpris får 10 poeng, og ein prisøkning på X% utover dette resulterer i et poengtrekk på X% berekna med utgangspunkt 10 poeng. Ein tilbudd pris som ligg 30 % over lågaste tilbudde pris vil for eksempel få 7 poeng. Modellen gir negative poeng dersom forskjellen mellom lågaste og høgaste pris er meir enn 100%.

5.2 Evaluering av kvalitet

Det vil bli gjort ei skjønnsmessig vurdering etter beste faglege evne av tilboda, ut i frå korleis dei svarar ut funksjonsbeskrivinga, der det vil bli lagt spesiell vekt på materialbruk, funksjonalitet, framdrift og prosjektleiars erfaring og kompetanse, samt beskriving av korleis leverandøren vil ivareta SØK funksjonen.

5.3 Evaluering av klima og miljø

Plan for ombruk

Det vil blir gjort ei skjønnsmessig vurdering av leverandørens beskriving av plan og mål for ombruk ut i frå dei moglegheitane som er registrert i rapport for ombruksplanlegging.

Byggavfall

Det nyttast ein lineær modell som inneber at lågaste kg/m2 får 10 poeng, og ein økning på X% utover dette resulterer i et poengtrekk på X% berekna med utgangspunkt 10 poeng. Modellen gir negative poeng dersom forskjellen mellom lågaste og høgaste er meir enn 100%.

Eksempel:
Beste tilbod har 20 kg/m2 – 10 poeng
40 kg/m2 vil gi 0 poeng
Eit tilbod med 30 kg/m2 vil få 5 poeng

Utslippsfrie kjøretøy

Leverandør gis poeng etter kor stor andel utsleppsfrie kjøretøy dei vil bruka i prosjektet.

Eksempel:
Beste tilbod skal bruke 10 bilar i prosjektet, 9 av desse er utsleppsfrie, dvs. 90% av køyretøya er utsleppsfrie. Dette vil gje 9 poeng.
Eit tilbod der 5 av 10 bilar er utsleppsfrie, vil gje 5 poeng.

6. Vedlegg

- Vedlegg 1 – Prisskjema
- Vedlegg 2 – Erfaring og referanse
- Vedlegg 3 – Kjøretøyliste og byggavfall
- Vedlegg 4 – Kontraktsbestemmelser
- Vedlegg 5 – Funksjonsbeskriving
- Vedlegg 6 – Miljøkartleggingsrapport
- Vedlegg 7 – Rapport frå ombrukskartlegging
- Vedlegg 8 – Dokumentasjon av energibehov
- Vedlegg 9 – Vurdering av dagslysforhold
- Vedlegg 10 – F002 Brannkonsept
- Vedlegg 11.1 – 11.9 – Teikningar og plan
- Vedlegg 12 – SHA plan